

OSTERØY KOMMUNE

ADMINISTRATIVT VEDTAK

Styre, komite, utval	Møtedato	Saksnr	Sbh
Delegert vedtak formannskapet	06.08.2008	318/08	MANE

Saksansvarleg Marit Nedreli	Arkiv: GBN-97/17 Objekt:	Sak ID 08/2479
---------------------------------------	---	--------------------------

97/17 - HERLAND - SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - TILBYGG TIL BUSTADHUS - SØKNAD OM DISPENSASJON

Ansvarleg søker: Bergan Bygg AS, Flatevad, 5282 Lonevåg.
Tiltakshavar: Jan Åge Myking, Herland, 5283 Fotlandsvåg.
Søknaden motteke: 02.07.2008.

ADMINISTRATIVT VEDTAK: Godkjend.

RÅDMANNEN SITT VEDTAK

**" I medhald av delegert mynde til rådmannen frå formannskapet av 08.06.2005 og
dispensasjonsmynde etter plan- og bygningslova § 7 av 12.12.2007 vert det gjort slikt
vedtak:**

**Med vising til plan- og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå plan- og
bygningslova § 20-4 til tilbygg til bustadhus på gnr. 97, bnr. 17, Herland.**

Med vising til plan- og bygningslova sine reglar vert søknaden godkjend jf. §§ 70 og 93.

**Ein pålegg at gnr. 97, bnr. 62 Statens vegvesen region vest og Hordaland
fylkeskommune skal varslast og kvittering for nabovarsling skal sendast kommunen før
tiltaket vert sett i gang, og ein tek etterhald om ny handsaming i tilfelle merknader, jf.
plan- og bygningslova § 94 og Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker
(SAK) § 16**

Avlaup vert å utføra i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 12.

**Ved søknad om ferdigattest må det fylgja med koordinatar for innmålte hjørner for
tiltaket.**

Ansvarsrett vert godkjent i samsvar med plan- og bygningslova kapittel XVI. "

FAKTA

I medhald av delegert mynde til rådmannen frå formannskapet av 08.06.2005 saksnummer 101/05 og dispensasjonsmynde etter plan- og bygningslova § 7 av 12.12.2007 saksnummer 204/07 vert saka handsama administrativt.

Det vert synt til søknad med vedlegg motteke 02.07.2008.

For to naboar er ikkje kravet om nabovarsel oppfylt, sjå kvitteringslista for nabovarsel. Dette gjeld gnr. 97, bnr. 62 Statens vegvesen region vest og Hordaland fylkeskommune.

Dersom funn eller konstruksjonar kjem fram i samband med gravearbeid, må arbeidet stansast og ansvarleg kulturminnemyndighet få melding for ei nærmere gransking på staden, jf. lov om kulturminne § 8, 2. ledd.

Det må undersøkjast at det ikkje er ureina massar i grunnen som det nå vert gravd i, jf. forureiningsforskrifta § 2-4.

Tiltaket må utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så framt det ikkje er gjeve unntak.

Ansvarleg utførande føretak er ansvarleg for at bygggearbeida vert utført i samsvar med løyve og bestemmelser, jf. plan- og bygningslova § 98 nr.1 .

Sikringstiltak som nemnt i plan- og bygningslova § 100 må etterkomast.

Dersom det i framtida vert lagd offentleg vass- eller avlaupsleidning over eller i veg som går langs eigedomen, eller over nærliggjande areal, skal bygning som ligg på eigedomen knytast til leidningane.

Eventuelle naudsynte tiltak mot innstrenging av radongass må undersøkjast og eventuelt setjast i verk før byggearbeida startar opp, jf. plan- og bygningslova § 68.

Det skal meldast frå til kommunen når arbeida tek til .

Før tiltaket vert teke i bruk skal det vera utferda mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf. plan- og bygningslova § 99. Det vert kravd koordinatverdiar kvar tiltaket er plassert som dokumentasjon for plassering i høve til godkjenning.

I samsvar med plan- og bygningslova § 97 skal kommunen føra kontroll med at arbeidet vert utført i samsvar med vedtaket og bestemmelser gitt i eller i medhald av denne lova.

Dersom arbeidet ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyvet er gjeve fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. plan- og bygningslova § 96.

Klage:

Det vert gjort merksam på at dette er eit vedtak gjort av kommunen som kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forvaltningslova § 28 og plan- og bygningslova §§ 15 og 13.

Klagefrist er 3 veker rekna frå melding om vedtak er motteke , jf. forvaltningslova § 29.

Klagen skal stilast til Fylkesmannen i Hordaland, men sendast til Osterøy kommune.

Dersom tiltak vert sett i verk før klagefristen er ute eller før det føreligg endeleg vedtak etter handsaming av eventuell klage, er eventuell retting av tiltak tiltakshavar sitt ansvar.

RÅDMANNEN SI VURDERING

Saka gjeld tilbygg til bustad.

Tiltaket ligg om lag 27 meter frå vassdrag, jf. plan- og bygningslova § 20-4, ikkje i 100-metersbeltet langs sjøen, jf. plan- og bygningslova § 17-2.

Tiltaket ligg i arealdelen til kommuneplanen i LNF-område, jf. plan- og bygningslova § 20-4.

Særlege grunnar er at det gjeld tilbygg til eksisterande bustad.

Kravet om nabovarsling er ikkje tilfredsstillande oppfylt. Gnr. 97, bnr. 62 Statens vegvesen region vest og Hordaland fylkeskommune må difor varslast før tiltaket vert sett i gang og kvittering for nabovarsling skal sendast kommunen, jf. plan- og bygningslova § 94 og Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker (SAK) § 16.

Ein kan ikkje sjå at nye vindauge er i same stil som eksisterande vindauge, noko som gjer inntrykk av endring i stil av eksisterande bygg. Det bør vurderast om ikkje alle vindauga bør ha same stil (3x2 vindauge med små sprossar mellom og ”stender” før nytt vindaugsfelt).

Søknaden vert godkjend.

Dato for saksutgreiing: 06.08.2008.

Rett utskrift

Dato: 06.08.2008.

Melding til:

Jan Åge Myking
Bergan Bygg AS